

Bruvedlikehaldet i Uskedalen går mot ferdigstilling.

14.02.2020



Brubekkebrua på Døssland er opna for trafikk, men ein må vera merksam på eit søkk på sjølv brua.

**Mekanisk bruvedlikehald på to bruer i Uskedalen går mot ferdigstilling. Brubekkebrua på Døsslandsida vart opna for køyretøy på dato 6. februar slik det var varsla. Om nokre veker reknar byggeleiar Melake Gebremichael i Fylkeskommunen med at Eikebrua er klar for trafikk i si fulle breidde. Han var sjølv på synfaring onsdag og er godt nøgd med MESTA og Haugland Maskin sitt arbeid.**

Ved mekanisk vedlikehald på eldre bruer dukkar det alltid opp uventa manglar som må utbetrastr når ein opnar opp og er i gang. I tillegg til forsterkingar og nytt rekksverk på Brubekkebrua er det naudsynt med mekanisk reperasjonar på dekke under, meisling og sprøyting av betong.

Før det kjem asfalt er det eit søkk på denne bruhaugen. Det er større enn det som var planlagd. Det samlar vatn. Det kan vera skummelt for trafikantane og noko må gjerast straks med jevning. Det vert asfaltering straks veret tillet det.



Det vert reingjort og lagt ny betong på Brubekkebrua under.

På Eikebrua er eine sida ferdig. Det er støypt bakvegg. Dei gamle kantane er fjerna og det kjem nytt rekkverk med føringskantar. Lagera som ligg på landkaret er gamle og må skiftast. Til slutt vert det lagt nytt dekke.

Nokre spør kvifor det ikkje vert montert gangbru på Eikebrua no når ein er i gang med eit omfattande arbeid. Byggeleiari er merksam på at det er planlagd gang- og sykkelveg på denne vegstrekningen. Gangbru er ikkje rekna med i prosjektet. Gang- og sykkelveg krev reguleringsplan, ein plan som lever sitt eige liv, seier Melake Gebremichael til Uskedalen.no

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Eikebrua er klar for trafikk i si fulle breidde om nokre veker.